

Statsforvaltarens tilråding til
Miljødirektoratet om vern av skog for
Høgfjell, Nissedal

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark,
Januar 2026

Innhold

1. FORSLAG.....	3
1.1 Heimelsgrunnlag	3
1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget	4
1.3 Andre interesser.....	5
1.4 Planstatus.....	5
2. SAKSBEHANDLING.....	5
2.1 Saksbehandlingsprosessar	5
2.2 Forholdet til utredningsinstruksen	6
2.3 Forvaltningsmyndighet	6
3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN	6
3.1 Avgrensing og vernekart	6
3.2 Verneforskrifta	6
4. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVEN SAR	7
4.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar	7
4.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar	8
4.3 Avveging skogvern - skogbruk.....	8
4.4 Forvaltningsmynde	8
5. Skildring av området med merknader	8
Høgfjell, Nissedal kommune	8

1. FORSLAG

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark tilrår vern av Høgfjell naturreservat i medhold av naturmangfoldloven (lov om forvaltning av naturens mangfold). Høgfjell er et nytt naturreservat.

Tilrådinga omfattar 501 dekar nytt verneareal. Totalt skogareal er 444 dekar, og av dette er om lag 444 dekar produktiv skog.

Området som blir foreslått verna er:

1. Høgfjell i Nissedal kommune, Telemark fylke

1.1 Heimelsgrunnlag

Området blir foreslått verna i medhold av naturmangfoldloven § 34 og § 62.

Området blir foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfoldloven § 37. Vilkåret for å kunne opprette eit naturreservat etter naturmangfoldloven § 37 er at arealet anten inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemd naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald, utgjør ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitskapleg verdi.

Naturreservat skal bidra til bevaringsmåla i naturmangfoldloven § 33, mellom anna bokstavane

a (variasjonsbreidda av naturtypar og landskap)

b (artar og genetisk mangfald)

c (trua natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar).

Verneområda skal bidra til å oppfylle fleire nasjonale mål som:

- *Eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for kommande generasjonar.*
- *Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester.*
- *Ingen trua artar og naturtypar skal utryddast, og utviklinga til trua og nær trua artar og naturtypar skal betrast.*

Oppretting av verneområdet bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, m.a. nedfelte i konvensjonen for biologisk mangfald artikkel 8 om eit samanhengande verneområdenettverk, jf. òg naturmangfoldloven § 33 bokstav g.

Ved å verne desse naturområda mot ulike typar inngrep, gir verneområda også eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfald, jf. naturmangfoldloven § 33 bokstav a, b og c.

Området vil bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedtekne av Stortinget om 10 % vern av skog.

1.2 Verneverdier, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget

Det foreslåtte verneområdet inkluderar raudlista naturtypar og trua og nær trua artar.

Vern av området bidreg til å redusere dei negative effektane av klimaendringane, gjennom å sikre eit nettverk av viktige leveområde for naturmangfaldet i norske økosystem. Det foreslåtte verneområdet har stor variasjon og rikt artsmangfald. Slike område er robuste mot endringar i klimaet og bidreg til langsiktig bevaring av artsmangfaldet og vidareføring av dei økosystemtjenester skogen gir. Vern av området vil bidra til langsiktig binding av karbon. Det meste av skogen i denne tilrådinga er gammal barskog og rik edellauvskog. Ifølgje rapporten Skogvern som klimatiltak (NINA rapport 752) har gammal barskog det største karbonlageret per arealeining i levande biomasse. Etter figur 1 i den same rapporten kan den gjennomsnittlege karbonmengda i levande biomasse i skog som blir verna, bli estimert til å vere om lag 70 tonn karbon per hektar.

I denne verneplanen er verneverdiane for området blant annet knytt til gammal barskog og rik edellauvskog i låglandet samt to raudlista naturtypar som vil bidra til å fylle manglar i vernet, samtidig som området vil bidra til å bevare trua og nær trua artar.

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i verneforslaget er innhenta frå:

Naturbase: <http://naturbase.no/>

Artskart: <https://artskart.artsdatabanken.no/>

Restad, J. og Hertzberg, M. 2021. *Naturverdier for lokalitet Naurak, registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2020. NaRIN faktaark. BioFokus*

Dei viktigaste påverknadsfaktorane på verneverdiane i området som blir foreslått verna er hogst og ulike typar utbyggingar. Vern av det foreslåtte området skal gjennom føresegner om slike tiltak sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til dekning av viktige manglar i skogvernet. Området vil bidra til langsiktig og effektiv bevaring av trua naturtypar og levestad for trua artar, og dermed redusere den samla belastninga på artar som har risiko for å døyt ut.

Verneforskrifta opnar for at fleire pågåande aktivitetar kan førast vidare. Tiltak som isolert sett vurderast å ha lite å seie for verneformålet, kan i sum og over tid medverke til at verneverdiane ringast. For enkelte aktivitetar vil det derfor i tråd med prinsippa om samla belastning vere restriksjonar, slik at naturverdiane får eit auka vern. Dette er også i tråd med prinsippa om miljøforsvarlege teknikkar og lokalisering, og dessutan miljøringast betalar der det ut frå omsynet til verneverdiane er fastsette føresegner om mellom anna ferdsel og infrastrukturtiltak. Ut frå dagens kunnskap om artar og naturtypar i området vil dei aktivitetane som i samsvar med verneforskrifta kan førast vidare, med liten grad av sannsyn ha vesentleg negativ innverknad på desse artane, naturtypane og landskapselementa. Vernereglane tillèt likevel ikkje vesentlege inngrep i området.

Statsforvaltaren vurderer det slik at vernet med stor grad av sannsyn vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypane, jf. naturmangfoldloven §§ 4 og 5. Statsforvaltaren reknar at kunnskapsgrunnlaget er i tråd med kravet i naturmangfoldloven § 8. Statsforvaltaren har ut frå ei føre-var-tilnærming i verneforslaget vektlagt moglegheita for fleire påverkingar av same slag, eller ein kombinasjon av fleire ulike påverknadsfaktorar (samla belastning). Det føreligg elles etter Statsforvaltarens oppfatning tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet, påverknadsfaktorar og effekten av vernet. Føre-var-prinsippet blir derfor ikkje tillagt ytterlegare vekt i denne saka.

For nærare beskriving av verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget, jf. naturmangfoldloven kapittel II, blir det vist til omtalen av Høg fjell naturreservat i kapittel 5.

Dersom området ikkje blir verna, vil det vere andre sektorlovar som regulerer arealbruken framover og som skal vareta omsyna til biologisk mangfald.

1.3 Andre interesser

Kraft og energi

Det går ikkje kraftleidningar innanfor området, og NVE uttalar i sitt høyringsinnspel for området at det ikkje finnes energiinteresser innanfor verneforslaget. Statnett har ingen merknader til verneforslaget. Lede AS har ingen planer om utvikling av regionalnettanlegg nær verneforslaget. Telemark Nett AS er områdekonsesjonær, men har ikkje gitt fråsegn til høyringa.

Mineral

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) kom med fråsegn til høyringa, men hadde ingen merknad til oppretting av Høg fjell naturreservat. Det er ikkje registrert mineralske ressursar eller bergrettar innanfor området.

Beiterett

Området ligg innanfor Kilegrend beitelag sitt beiteområde.

Stiar

Kartleggar nemner ein gammal sti som gjeng gjennom den øystre delen av verneforslaget. Denne finst ikkje på offisielle kart og er ikkje avmerka i vernekartet.

Andre interesser:

Statsforvaltaren reknar interesser knytt til friluftsliv og jakt som dei største interessene innanfor området. Desse interessene vil bli ivareteken gjennom verneforskrifta.

1.4 Planstatus

Arealet i dette verneforslaget er avsett til skogbruk i Nissedal kommune sin arealplan. Heilt i nord er delar av området akkurat innanfor grensa til ei omsynssone (H560) for villrein.

2. SAKSBEHANDLING

2.1 Saksbehandlingsprosessar

<i>Namn</i>	<i>Tilbod</i>	<i>Oppstart</i>	<i>Høyring</i>
Høg fjell	08.06.2020	13.12.2023	25.10.2024

Frist for fråsegn til høyringa var 03.01.25.

Tilbod om vern kom frå to grunneigarar via FramTre AS (daverande AT Skog). Området blei kartlagt etter gammal metodikk (DN-handbok 13) i 2020. Ingen endringar i avgrensing har blitt gjort etter oppstart.

2.2 Forholdet til utredningsinstruksen

Verneforslaget er utarbeidd i samsvar med Utredningsinstruksen. I kapittel 1 og 2 grunngjev ein for verneforslaget på overordna nivå og samanhengen med nasjonale og internasjonale mål om å ta vare på eit utval av norsk natur blir klargjort. Vidare blir omtalt kort kva som eventuelt skjer med verneverdiane viss vernet ikkje blir gjennomført og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. I kapittel 4 blir samfunnsnytta av verneforslaget vurdert på eit overordna nivå, saman med økonomiske og administrative konsekvensar. I kapittel 5 omtalast og vurderast generelle kommentarar og konkrete merknader til verneforslaget for Høgfjell naturreservat frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper.

Gjennomføringa i samsvar med rundskriv T-2/15 om saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfoldloven, forvaltningsloven og utgreiingsinstruksen har medført inkluderande prosessar som sikrar ei vellykka gjennomføring.

Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre brukar- og samfunnsinteresser. Verneforslaget er også i størst mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfoldloven § 14 er dermed oppfylt.

2.3 Forvaltningsmyndighet

Aktuelle kommunar skal gjennom høyringsprosessen gi tilbakemelding på om dei ønskjer å få tildelt forvaltningsmynde for nye verneområde i tråd med gjelda politikk på området. Forvaltningsmynde blir fastsett gjennom forskrifta når område blir vedteke vernet.

3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN

3.1 Avgrensing og vernekart

Det er ikkje gjort endringar i avgrensinga av området etter høyring.

3.2 Verneforskrifta

Det er gjennomført visse endringar i verneføresegnene etter høyringa for å tilpasse forskrifta etter ny mal frå Miljødirektoratet som blei gjort gjeldande januar 2026.

I høyringa lød føremålet slik:

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å bevare eit område som representerer ein bestemt type natur i form av gammal låglandsbarskog, frisk edellauvskog og lågurtedellauvskog i sørboreal sone.

Området har særskilt betydning for biologisk mangfald på grunn av høg førekomst av gamle tre og daud ved, med funn av fleire sjeldne og trua artar av karplantar, sopp og lav.

Vi foreslår følgjande føremål i tråd med ny forskriftsmal:

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- a. representerer ein bestemt type natur i form av gammal låglandsbarskog, frisk edellauvskog og lågurtedellauvskog i sørboreal sone*

- b. har særskilt betydning for biologisk mangfald på grunn av høg førekomst av gamle tre og daud ved, med funn av fleire sjeldne og trua artar av karplantar, sopp og lav*

§ 3 Vernereglar

I bokstav c er «opplag av båtar» tatt ut, da det ikkje er aktuelt her.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

I bokstav d har vi tatt ut [avmerka på vernekartet], da det ikkje er nokon stiar avmerka på vernekartet.

I bokstav h har vi lagt til følgjande ordlyd i tråd med ny mal: «...i sikteline ved faste jaktpostar...» i tråd med ny mal.

Det er flytta på fleire føresegner for å få same rekkefølge som i malen.

§ 5 Regulering av ferdsel

I bokstav a har vi tatt ut «på land» frå motorferdselsforbudet i samsvar med ny mal.

I bokstav b har vi tatt ut «vegar», da det ikkje finns vegar i området, men vi har beholdt stiar, ettersom det er høyrte på dette.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

I bokstav c har vi enda «storvilt» til «elg og hjort» i samsvar med ny mal.

I bokstav d har vi endra det til å ikkje være mogleg å gi dispensasjon til naudsynt motorferdsel i samband med beiting da dette ikkje er naudsynt. Vi har og endra på rekkefølga til føresegner i § 7 som skal kunne gis dispensasjon for naudsynt motorferdsel.

I bokstav g er ordlyden «hogst av etablerte plantefelt» endra til følgjande tekst:

«Uttak og ringbarking av utanlandske treslag og etablerte plantefelt av gran, samt sprenging frå desse»

4. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSA

4.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar

I reguleringsplanen til kommunen er området avsett til jord- og skogbruk (kode 210). Kartleggingar av naturverdiane i området er gjennomført som del av verneplanprosessen. Bruksinteresser er klarlagde gjennom høyring av verneforslag og annan kontakt med partar saka vedkjem.

Vernet vil avgrense dei framtidige moglegheitene for m.a. skogbruk, jordbruk, mineralutvinning regulering av vassdrag, nedbygging og anna omdisponering frå natur til andre formål. Det er elles i verneplanprosessen lagt vekt på å komme andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskriftsutforming.

Statsforvaltaren meiner at verneforslaget slik det no ligg føre har små negative konsekvensar. Samla sett vurderer Statsforvaltaren det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere positive på sikt. Forslaget vil sikre natur som har ei positiv samfunnsnytte, sjølv om denne ikkje kan verdsettast. Forslaget vil samtidig bidra til oppfylling av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å vareta naturmangfaldet. Verneforslaget vil også sikre eit viktig område for friluftsliv.

4.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar

Dei største kostnadene som følgje av etableringa av verneområdet vil vere utgifter til forvaltning og skjøtselstiltak for å halde oppe verneverdiene. I tillegg vil det kunne vere behov for å restaurere natur i delar av området. Basert på nåverande kunnskap om området vurderer Statsforvaltaren at det er lite aktuelt med skjøtsels- eller restaureringstiltak. Det kan likevel ikkje utelukkast at det kan bli aktuelt på eit seinare tidspunkt.

4.3 Avveging skogvern - skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltningstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for avverknaden og bidraget skognæringa hadde til det grønne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Området Høgfjell er tilboden for frivillig vern av grunneigar før 1. februar 2022. Området blir derfor ikkje omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet.

4.4 Forvaltningsmynde

Statsforvaltaren har i samband med høyringa ikkje fått bekrefte om Nissedal kommune ønskjer forvaltningsmynde for naturreservatet. Kommunen har stått på høyringslista, og blitt førespurt direkte i høyringsdokumentet. Vi legg derfor til grunn at kommunen ikkje ønsker forvaltningsmynde over området.

5. Skildring av området med merknader

Høgfjell, Nissedal kommune

Totalareal 501 dekar.

Skogareal totalt 444 dekar.

Produktiv skog 444 dekar.

Areal er oppgitt i UTM sone 32. Skogbruksopplysningar oppgitt i høyringa er oversendt frå FramTre AS og oppgitt i UTM sone 33.

Verneformål og særskilte verneverdiar:

Verneformål

Føremålet med forskrifta er å bevare eit område som

- a. representerer ein bestemd type natur i form av gammal låglandsbarskog, frisk edellauvskog og lågurtedellauvskog i sørboreal sone

- b. har særskilt betydning for biologisk mangfold på grunn av høg førekomst av gamle tre og død ved, med funn av fleire sjeldne og trua artar av karplantar, sopp og lav

Verneverdiar

Lokaliteten omfattar dei aust- og søraustvendte lisidene ned frå Høgfjellet, ca. 300 m nordvest for Naurak i Nissedal kommune. Området ligg i overgangssona mellom sørboreal (40%), boreonemoral (20%), mellomboreal (20%) og nordboreal (20%) sone. Om lag tre firedelar av arealet har middels til høg bonitet.

Nedover lisida består området av gammal skog i varierende alder. Store parti består av fleiraldra skog som stadvis har mykje død ved, særleg av gran og osp, med middels kontinuitet. I edellauvskogen under bergrota er det grov alm og lind og stadvis mykje død ved. Desse områda har eit urørt preg, er lite påverka av hogstinggrep og er inkluderte i kjerneområde 1. Det er også små parti med eldre strukturfattig skog på høg bonitet og med lite død ved. Nedst i lia i aust og søraust er det større parti med ung skog av hkl 3 og 4 med spredt død ved av gran og osp av middels dimensjon. Av eldre gran og furu vart alder målt til meir enn 150 år i det minst påverka områda.

Kjerneområde 1 er på om lag 148 daa og består av gammal granskog med utforminga gammal låglandsgranskog (80%), alm-lindeskog (10%) og gammal låglandsfuruskog (10%). Det er også små parti med lågurt-hasselkratt. Alm-lindeskog blir omfatta av den raudlista naturtypen frisk rik edellauvskog (NT), og lågurt-hasselkratt blir omfatta av lågurtedellauvskog (VU).

Mykje gammalskogselementer og stort areal med rik edellauvskog og gammal granskog gjer at kjerneområde 1 er vurdert som *svært viktig (A-verdi)*.

Det blei gjort funn av fleire raudlista artar, mellom anna åtte raudlista artar knytte til gammal gran- og furuskog og gammal frisk rik edellauvskog med kontinuitet i død ved. I tillegg blei det gjort funn av signalarten lungenever på fleire lauvtre og spor etter furasjerande tretåspett på gran (ringar). Det er eit høgt potensial for krevjande artar knytte til død ved og hole edellauvtre, samt markbuande sopp på lågurtmark med lind og hassel.

Tabellen viser oversikt over raudlista artar (sopp, lav og karplantar) innanfor verneforslaget.

Kategori	Vitenskapelig navn	Norsk navn	Artsgruppe
Nær truet (NT)	<i>Alectoria sarmentosa</i>	gubbeskjegg	Lav
Nær truet (NT)	<i>Calicium denigratum</i>	blanknål	Lav
Nær truet (NT)	<i>Cladonia parastitica</i>	furuskjell	Lav
Nær truet (NT)	<i>Fomitopsis rosea</i>	rosenkjuke	Sopper
Nær truet (NT)	<i>Hypoxylon vogesiacum</i>	almekullsopp	Sopper
Nær truet (NT)	<i>Phellinus nigrolimitatus</i>	svartsonekjuke	Sopper
Nær truet (NT)	<i>Sclerophora pallida</i>	bleikdoggnål	Sopper
Sårbar (VU)	<i>Skeletocutis brevispora</i>	klengekjuke	Sopper
Sårbar (VU)	<i>Taxus baccata</i>	barlind	Karplanter
Sterkt truet (EN)	<i>Ulmus glabra</i>	alm	Karplanter

Området vurderast samla som **regionalt viktig (**)**.

Området med lågareliggjande gammal granskog avgrensa som naturtype med A-verdi er over 100 daa. Det finst også noko verdifull alm-lindeskog. Lokaliteten oppnår derfor *høg mangeloppfylling* på mangelnaturtypar. Området har ein del areal som er lågareliggjande, har biologisk gammal skog over

250 daa og om lag 100 daa høgproduktiv skog. Området oppnår derfor *høg mangeloppfylling* på generelle manglar. Samla sett oppnår området *høg mangeloppfylling*.

Området ligg omtrent 4 km frå Skulehomfjellet, eit område Statsforvaltaren tilrådde til vern i 2025. Saman ivaretek områdene rik edellauvskog med blant anna alm og lind, samt gammal barskog.

Inngrepsstatus og andre interesser:

Det går ein gammal sti gjennom den austre delen av verneforslaget. Statsforvaltaren er ikkje kjent med at det er andre innretningar eller tekniske inngrep innanfor området. Av andre interesser anser Statsforvaltaren friluftsliv og jakt som dei mest aktuelle.

Samandrag av høyringsfråsegnene:

Verneplanen for Høgfjell blei sendt på felles høyring med sju andre område til:

Grunneigare, Telemark fylkeskommune, Nissedal kommune, Kviteseid JFF, Kviteseid skogeigarlag, Kviteseid Turlag, Nissedal JFL, Nissedal skogeierlag, Havrefjell turlag, Seljord skogeigarlag, Seljord Turlag, Fyresdal skogeigarlag, Fyresdal Turlag, Notodden JFF, Notodden Turlag, Naturvernforbundet i Øst-Telemark, Naturvernforbundet i Midt-Telemark, Naturvernforbundet i Vest-Telemark, Birdlife avdeling Indre Telemark, Forum for natur og friluftsliv i Telemark, Naturvernforbundet i Telemark, NJFF Telemark, Birdlife Norge, avdeling Telemark, DNT Telemark, Vestfold og Telemark orienteringskrets, Skagerak Energi AS, Skagerak Kraft AS, Vest-Telemark Kraftlag AS, Øst-Telemarkens Brukseierforening, Arendal Vasdrags Brugseierforening, Telemark Energi AS, Notodden Energi AS, Everket AS, Notodden, Telemark Nett AS, Stannum AS, DE Nett AS, Småkraft AS, Lede AS (tidl. Skagerak Nett), Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Telemark Bondelag, Telemark Botaniske Foreining, Aust-Telemark Sau og Geit, Telemark Sau og Geit, AVINOR AS, Bane NOR SF, Den Norske Turistforening, Direktoratet for mineralforvaltning, Forsvarsbygg, Friluftsrådene Landsforbund, Kommunenes sentralforbund, Landbruksdirektoratet, Luftfartstilsynet, Natur og Ungdom, Norges Naturvernforbund, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Geologiske Undersøkelse, Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Luftsportforbund, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Norges Miljøvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat, Norsk Biologforening, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Foreining, Norsk Friluftsliv, Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), Stiftelsen Norsk institutt for naturforskning, Norsk Organisasjon for terrengsykling, Norsk Orkideforening, Birdlife Norge, Norsk Sau og Geit, Norsk Zoologisk Foreining, NSB hovedadm., NTNU, Fakultetet for naturvitenskap og teknologi, SABIMA, Statens Kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Språkrådet, Vegdirektoratet og Stiftelsen WWF Verdens naturfond.

Det kom inn ni høyringsuttaler til verneforslaget. Me har også tatt med fråsegner til oppstartsmeldinga når vedkommande instans kun har komme med uttale til den og ikkje høyringa.

Statnett SF (brev dagsett 1.11.2024) har ingen merknader til verneforslaget.

Bane Nor (brev dagsett 5.11.2024) har ingen merknader til verneforslaget.

Språkrådet (brev dagsett 7.11.2024) har ingen merknader til høyringa.

Lede AS (brev dagsett 22.11.2024) skriv at dei ikkje har områdekonsesjon i Nissedal kommune, og ber Statsforvaltaren om å kontakte gjeldande områdekonsesjonær, Telemark Nett AS, for fråsegn.

Vidare skriv Lede AS at dei ikkje har planar om utvikling av regionalnettanlegg nær det føreslegne verneområdet.

Statkraft Energi AS (brev dagsett 5.12.2024) har ikkje uttalt seg til Høg fjell.

Telemark fylkeskommune (brev dagsett 11.12.2024) vurderer at verneforslaget ikkje vil berøra regionale vilt- og fiskeinteresser negativt, og det er ikkje kjente nyare tids kulturminne av nasjonal verdi innanfor området. Vidare nemner dei at det likevel kan vere viktige kulturminne av lokal verdi som dei ikkje har kjennskap til. Kommunen som har forvaltningsansvaret for kulturminne som ikkje er freda, må gjere ei vurdering av dette. Statsforvaltaren bør vurdere om ein i slike område kan tillate å ta ut enkelte tre med spesiell kvalitet, til antikvarisk istandsetting av mellomaldebygg.

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) (brev dagsett 17.12.2024) viser til sitt fråsegn til oppstart av verneprosessen, der dei ikkje hadde nokon merknader til området. Det har heller ikkje kome til nye registreringar av mineralske ressursar eller bergrettar sidan melding om oppstart. Dei har derfor ingen merknader til høyringa.

Statens vegvesen (brev dagsett 19.12.2024) poengterer viktigheita av oppdaterte og rette eigedomsgrenser, og at det må avklarast kven som er rett grunneigar før skogen blir verna. Vidare nemner dei vern av skog som grenser til riksvegar samt nødvendige omkøyingsvegar, noko som ikkje gjeld Høg fjell.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) (brev dagsett 15.2.2025) skriv at dei ikkje kan sjå nokon energiinteresser innanfor verneforslaget. Dei skriv at Telemark Nett AS er områdekonsesjonær og ikkje har kommentert på verneforslaget.

Fråsegn til oppstartsmeldinga for Høg fjell:

Landbruksdirektoratet (brev dagsett 19.12.2023) har gitt nokre generelle innspel som omhandlar traktorvegar og ferdsselsvegar, og merking og rydding av slike, stølar/seterområde, beiting og reindrift. Landbruksdirektoratet skriv vidare at dei går ut frå at Statsforvaltaren sin landbruks- og reindriftsfaglege kompetanse blir involvert i utforming av forskrift og verneplan.

Naturvernforbundet i Øst-Telemark (brev dagsett 26.1.2024) har kome med uttale til dei områda som ligg innanfor deira lokallags dekningsområde. Høg fjell er ikkje blant dei.

Forsvarsbygg (brev dagsett 31.1.2024) ser ingen konflikthar med området. Dei ber om at det generelle unntaket for militær operativ verksemd og unntaket for avgang og landing med Forsvarets luftfartøy tas inn i forskriftsteksten.

Statsforvaltarens kommentarar:

Når det gjeld Lede AS som ber om at Statsforvaltaren tek kontakt med gjeldande områdekonsesjonær Telemark Nett AS for uttale, kan vi seie at det har fått tilsendt høyringa, men ikkje kome med uttale.

Når det gjeld fråsegna frå Telemark fylkeskommune vurderer Statsforvaltaren at uttak av trevirke til antikvarisk istandsetting av mellomaldebygg vil kunne påverke verneverdiane negativt, ved at det kan få konsekvensar for sjeldne og trua artar. Dette er lite ønskeleg. Statsforvaltaren meiner derfor at det er fullt mogleg å finne enkelttre med passande kvalitetar utanfor verneområde.

Til innspel frå Landbruksdirektoratet vil Statsforvaltaren kommentere at vi ikkje kjenner til at det ligg støl/sæterområde innanfor verneforslaget, men området ligg innanfor beiteområdet til Kilegrend beitelag. Det er teke høgde for det og dei andre innspela deira i verneforskrifta.

Når det gjeld merknaden frå Forsvarsbygg, vil vi kommentere at vi har tatt omsyn til unntak for militær operativ verksemd og til omsynet til militær luftoperativ verksemd i § 6 første ledd og § 6 bokstav c.

Annet:

Etter oppstart ble det gjort et vedtak om namneendring frå Kartverket. Dette blei omtalt i høyringa og ligg vedlagt saka.

Namn

Statsforvaltaren tilrår namnet Høgfjell som i høyringsforslaget.

Avgrensing

Arealet er ikkje endra etter høyring.

Verneforskrift

Det er gjort enkelte endringar i verneforskrifta etter høyringa.

Statsforvaltarens tilråding:

Statsforvaltaren tilrår at området blir verna som naturreservat med endring i verneforskrift som føreslege, og med vernekart i samsvar med høyringsforslaget.

Vedlegg:

Vedlegg 1. Forslag til vernekart for Høgfjell, Nissedal

Vedlegg 2. Verneforskrift

Vedlegg 3. Høyringsfråsegner